

PRESSEMELDING OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 24.03.20



Volda
kommune

PRESSEMELDING

Koronaviruset – Unngå å verte smitta og lev som om du er i karantene

Smitta er i lokalmiljøet. Om lag 140 personar er testa i Volda til no. Blant desse har tre testa positivt. Det vil seie at det ikkje er påvist nye sidan i går, men det er framleis 21 prøver som vi ikkje har fått svar på. Det er strenge retningslinjer for kven som kan testast, så dette gir ikkje eit rett bilete på kor mange som er sjuke. Vi veit at smitta er i lokalmiljøet og den enkelte må ta situasjonen alvorleg. Situasjonen er uoversiktleg på landsbasis då viruset er svært smittsamt, og mange kan ha det utan å kjenne særlege symptom.

Hald avstand og vask hender. Følg dei grunnleggjande råda for å unngå å verte smitta sjølv og unngå å smitte andre: unngå reising og hald deg mest mogleg i ro, reduser direkte sosialkontakt, hald minst 1 meter avstand til andre og vask hendene ofte. Ver særleg merksam på at det kan vere smitte på kontaktflater som mange tek på når du er i butikken eller fyller drivstoff. Det er viktig at butikkane, bensinstasjonane og liknande informerer godt og legg til rette for at folk kan skjerme seg og sprite hendene. Det vil vere uansvarleg dersom ein berre går inn i butikken utan å halde avstand til andre og følgje råda til personleg hygiene.

Friluftsliv og leik: Det er viktig å vere fysisk aktiv, det vil vi oppmode folk om å vere, men pass på at du ikkje går på turar som kan medføre risiko for å belaste hjelpeapparatet. Vidare må du passe på å halde avstand til andre også når du er ute i friluft. Hygienetiltaka gjeld også her. Foreldre må sjå etter at barna kan halde avstand når dei leikar. Kommunen stengjer ikkje kommunale leikeplassar, men oppmodar sterkt om at ein organiserer leik for så få om gongen at ein kan halde minimum 1 meter avstand.

Legetenesta. Volda kommune gir nødvendig helsehjelp til dei som treng det, men er framleis takksam for at du viser omsyn og ikkje tek kontakt med legetenesta om ting som kan vente. Ein kan avtale legetime for nødvendig helsehjelp. Legekontoret er todelt der det er oppretta eige legekontor for pasientar med luftvegsjukdomar ved helsestasjonslokalet på Øyra skule. Volda og Ørsta har legevaktsamarbeid på kveld for at ein skal ha to legar på vakt og høve til å skilje pasientar med luftvegssymptom frå pasientar med andre behov.

Ringjerunde til næringslivet. Politisk leiing i kommunen vil i dei næraste dagane ta ein ringjerunde til bedriftene for å høyre korleis dei opplever situasjonen og for å kartleggje behov som ein kan bringe opp til sentrale myndigheiter.

Hjelp til å handle. De som er sjuke eller er i karantene kan ta kontakt med frivilligsentralen som kan organisere hjelp å handle dersom de ikkje har andre som kan gjere dette for dykk – ta kontakt på telefonnummer 917 25 639 (Volda) og 415 12 813 (Hornindal). Hugs god handhygiene og fysisk avstand til kvarandre.

Tenk framover. Det er tungt å vere i ro og ha redusert sosial kontakt over tid, og det er det viktig å tenkje på korleis ein kan gjere noko som er positivt. Ta gjerne ein ekstra telefonsamtale til nokon som treng det. Det er viktig å tenkje på at krisesituasjonen er mellombels. Sjølv om dette varer ei tid, skal vi skal attende til normal situasjon.

Lokal informasjonstelefon. Har du spørsmål om korona kan du ringje kommunen sin informasjonstelefon på nr **970 11 773** - Ope 11.00-15.00 kvardagar – og betjent av helsepersonell. **Nasjonal informasjonstelefon** om koronaviruset: 815 55 015

Vi gjentek at auken i talet på smitta og sjuke i Noreg den komande tida vil vere avhengig av effekten av tiltaka som er sett i verk og om innbyggjarane etterlever råda som vert gitt.